



Nappane Båtlag v/Kristine Allport

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/7213 - 17/1464

Saksbehandlar:

Kristin Nielsen

kristin.nielsen@lindas.kommune.no

Dato:

19.01.2017

Handsaming av klage på gebyr - Nappevika småbåtanlegg - gbnr 129/4 m.fl.

Administrativt vedtak. Saknr: 024/17

SAKSUTGREIING

Vi viser til dykkar klage på gebyret for handsaming av reguleringsplanen for Nappevika småbåtanlegg, gbnr. 129/4 m.fl., motteken 16.01.2017. Det vert klaga på punkt 7.2.1 «*Obligatorisk oppstartsmøte*» - kravd etter Lindås kommune sitt gebyrregulativ for 2015 - og punkt 7.2.3 g) «*Planforslag i strid med overordna plan*» som er kravd etter gebyrregulativet for 2016.

Tiltakshavar skriv mellom anna:

«På vegne av styret og medlemmene i Nappane Båtlag klages det over beregningsgrunnlag for gebyr for behandling av reguleringsplan for Nappevika småbåtanlegg.

Nappane båtlag sin historikk strekker seg helt tilbake til 2005, med avgjørende punkt i september 2011 da vi på kommunestyremøte ble vedtatt tatt inn i Kommuneplanens Arealdel som ett av 5-6 andre tillegg. For videre detaljer utover dette viser jeg til dagens telefonsamtale med deg, til samtaler med forhenværende plansjef Arnold Matre gjennom flere år, og til ordfører Astrid Aarhus Byrknes som kjenner historikken, også frem til dags dato.

I avklaring av historikk og forholdene rundt behandling av reguleringsplanen (og utsettelse av behandling av planen pga forhold i kommunen), kan du få mer detaljer fra ordfører, eller ass.rådmann Hogne Haugsdal som skal være satt inn i saken av ordfører.

Det gjelder grunnlagene 7.2.1 Oppstartsmøte og 7.2.3 g) Planforslag i strid med overordna plan (disp.søknad) som i vår svært lange saksbehandling går ut; igjen gjelder vår ref. til ordfører og/el. Hogne Haugsdal (...)

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



VURDERING

Punkt 7.2.1 «Obligatorisk oppstartsmøte»:

I referatet frå oppstartsmøtet, gjennomført og datert 12.03.2015, er det skrive: *«avventar oppstarts-gebyr til planprosess er avklart ved merknader til oppstart»*. Sidan planen har kome forbi denne fasen, la administrasjonen inn punktet om gebyr for det obligatoriske oppstartsmøtet ved gebyrutrekninga, datert 14.12.2016. Dette vart gjort etter at saka hadde vore handsama politisk første gang same dato, og før den vert lagt ut til offentleg ettersyn og høyring første gong, i tråd med punkt 4.1 i kommunen sitt gebyrregulativ for 2016.

Etter ei vurdering har Rådmannen avgjort at det ikkje skal krevjast gebyr for punkt 7.2.1 «Obligatorisk oppstartsmøte».

Punkt 7.2.3 g) «Planforslag i strid med overordna plan»

Den overordna planen er i dette tilfellet kommuneplanen. Som det går fram av den vedlagte utrekninga av gebyr for handsaming av reguleringsplanen, er småbåtanlegg, naust og parkeringsplass i strid med den overordna planen. Det vart kravd gebyr for dette fordi verken småbåtanlegg, naust eller parkeringsplass ligg inne som arealføremål innanfor reguleringsplanområdet i kommuneplanen.

Nappane båtlag har prøvd å få føremålet småbåtanlegg inn i kommuneplanen over ein lengre periode. Før kommuneplanen vart handsama og vedteke av kommunestyret 22.09.2011 (sak 100/11), låg ikkje føremålet småbåtanlegg inne i planen i Nappevika. I vedtaket vart det samstundes vedteke oppstart av mindre endringar i kommuneplanen. I punkt 5 i vedtaket står det: *«Kommunestyret ber om at innspelet frå Nappane båtlag av 02.03.2011 og 26.06.2011 blir tatt opp til ny handsaming.»*. 12.12.2012 vart mindre endring av arealdelen til kommuneplanen lagt ut til offentleg ettersyn og høyring. Grunna kapasitetsproblem på planavdelinga vart ikkje dette arbeidet vidareført. (For utfyllande informasjon om historikken: sjå kapittelet «Historikk» i saksframlegg for 1. gangs handsaming.)

Om føremålet småbåtanlegg hadde lege inne i kommuneplanen, ville ikkje planframlegget ha vore i strid med arealføremålet småbåtanlegg. Parkeringsplass kunne også i ei eventuell utgreiing av kommuneplanen ha blitt teke inn som føremål, då ei av målsettingane i kommuneplanen var å etablere funksjonelle småbåthamner, der også parkering inngår. Føremålet naust er ikkje i tråd med arealet småbåtanlegg, men i dette tilfellet er det eitt eksisterande naust, og administrasjonen ser det som føremålstenleg å formalisere den eksisterande bruken av dette spesifikke arealet gjennom å nytte naust som føremål her.

Etter ei samla vurdering konkluderer administrasjonen med at det ikkje skal krevjast gebyr for punkt 7.2.3 g) «Planforslag i strid med overordna plan».

Oppsummering

I vurderinga av punkt 7.2.1, har Rådmannen avgjort at det ikkje skal krevjast inn gebyr for dette punktet.

I vurderinga av punkt 7.2.3 g), ser administrasjonen det som eit tungtvegande moment at om arbeidet med framlegget til endring av arealdelen av kommuneplanen hadde vore vidareført etter at endringane vart kunngjort, er det truleg at føremålet småbåtanlegg ville kunne ha blitt vedteke lagt inn i kommuneplanen. Om dette hadde vist seg aktuelt gjennom mogleg, vidare saksgang, ville ikkje reguleringsframlegget for Nappevika småbåtanlegg ha vore i strid med kommuneplanen når det gjeld føremålet småbåtanlegg, og det ville difor ikkje ha vorte kravd gebyr for dette føremålet. Administrasjonen har også vurdert at det er truleg at føremålet parkeringsplass ville ha vore lagt inn i kommuneplanen, då det er eit krav i den same planen at båtplassar skal ha tilhøyrande parkeringsplassar. Administrasjonen har vurdert det til at føremålet naust – i dette tilfellet eitt naust på ein eksisterande naustetomt – vil vere føremålstenleg å formalisere gjennom å nytte nausteføremål for dette arealet.

Kommunen finn etter ei samla vurdering at ein i dette spesifikke tilfellet vil fråfalle kravet om gebyr for både punkt 7.2.1 og 7.2.3. g) i faktura nr. 61012678.

VEDTAK

Kommunen tek klagen på gebyr til følgje. Utsendt faktura nr. 61012678 - sakshandsamingsgebyr for reguleringsplan for Nappevika småbåtanlegg - pålydande kr 96 360,- er ikkje betalt av tiltakshavar og vil verte sletta. Ny faktura pålydande kr 45 860,- vil verte sendt ut. Grunngevinga for vedtaket går fram av vurderinga over.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunnjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med helsing

Frøydis Ones
konst. avdelingsleiar

Kristin Nielsen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Klage på gebyr feil grunnlag med bakgrunn i historikk m.m
Utrekning av gebyr for handsaming av reguleringsplan for Nappevika småbåtanlegg

Mottakarar:

Nappane Båtlag v/Kristine Allport